



Møt Alf, 100-åringen  
som spiller bridge

Side 36

norsk  
**bridge**

Medlemsblad for Norsk Bridgeforbund  
nr. 4 – des. 2014 – 20. årgang

*God jul*



Side 20

EM i Tromsø

Nå kan man  
melder seg på!

Møre og Romsdal leder  
Seriemesterskapet

Side 6



# Bli med Hurtigruten på BRIDGESEILAS



© DIETER EGER

© NORSK BRIDGEFORBUND

© HURTIGRUTEN

© EIVØR ERIKSEN



## BRIDGESEILAS

Bli med på bridge-seilas fra Bergen til Oslo i januar

Avreise Bergen søndag 4. januar.  
Velkommen om bord fra kl 16.00.  
Ankomst Oslo onsdag morgen, 7. januar.

Startkontingent:  
kr 50 per spiller

Mesterpoeng:  
Klubb- og kretspoeng

Premiering:  
EM-effekter og sammenlagtpremie

Pris Bergen – Oslo med fullpensjon og innv. lugar:  
**1995,-**

Pris Stavanger – Oslo med fullpensjon og innv. lugar:  
**1609,-**

Pris Sandefjord – Oslo med frokost og innv. lugar:  
**1495,-**

Hurtigruten og Norsk Bridgeforbund inviterer til bridge om bord på MS Trollfjord mellom Bergen og Oslo. Kos deg med daglige bridgeturneringer som er tilpasset ruten slik at du ikke går glipp av høydepunktene langs kysten.

Det blir tre turneringer underveis, og du kan velge om du vil spille en, to eller tre. For de som deltar på alle 3 vil det være en egen resultatliste og premiering. Helpensjon er inkludert i turen, og underveis kan du kose deg med nydelig mat av ferske råvarer. Vi skal besøke Stavanger, Lysefjorden og Sandefjord før vi ankommer Oslo.

### Spilleprogram:

Dag	Tidspunkt	Avgang	Spilleform	Spilleform
Søndag	18:30	Bergen	Parturnering	24
Mandag	18:00	Ved kai - Stavanger	Parturnering	24
Tirsdag	18:00	Ved kai - Sandefjord	Parturnering	24

Les mer på [www.hurtigruten.no/bridgeturnering](http://www.hurtigruten.no/bridgeturnering). Påmelding og spørsmål rettes til Svein-Jarle Ludvigsen på: svein-jarle@bridge.no eller 909 43 472



**HURTIGRUTEN**

Leiar .....	s. 4
Siden sist .....	s. 5
Seriemeisterskapen.....	s. 6
EM i Tromsø .....	s. 20
Champions cup .....	s. 30
Norges eldste bridgespiller .....	s. 36
Bridge i Albania.....	s. 38
Bridge i Albir .....	s. 42
Bridgekurs på NAV.....	s. 44
Bridge for de relativt ferske .....	s. 46
Villy Dam.....	s. 48
Kort fortald .....	s. 52

**NORSK BRIDGEFORBUND**  
 Sognsveien 75 A  
 0855 Oslo  
 Telefon: 47 47 94 00  
 (mandag–fredag 12.00–16.00)  
 E-post: [bridge@bridge.no](mailto:bridge@bridge.no)  
[www.bridge.no](http://www.bridge.no)  
 Bankkonto: 5002.05.01585  
 Postgiro: 0814.51.95102

**REDAKTØR ERLEND SKJETNE**  
 Mobil: 974 75 164  
 e-post: [erlend@gammagrafisk.no](mailto:erlend@gammagrafisk.no)  
 Ramsharts vei 1c, 7020 Trondheim

**LAYOUT**  
 AIT Oslo AS

**ANNONSER**  
 Ansvarlig: Erlend Skjetne  
[erlend@gammagrafisk.no](mailto:erlend@gammagrafisk.no)  
 Annonsemateriell leveres skriftlig,  
 med e-post, eller brev.


Neste utgivelse  
 mars 2015  
 Innleveringsfrist  
 28. februar 2015

### Annonsepriser

**Eksterne aktører:**  
 Helside: 30.000,-  
 Halvside: 20.000,-  
 Kvartside: 10.000,-

**Klubber/kretser:**  
 Helside: 2000,-  
 Halvside: 1500,-

*Alle priser kommer med 25% momstillegg.*



Spesielt årvakne leesarar vil ha merkt at dette som vi pla kalle eit blad, no knappast er eit blad i fysisk forstand. Riktig nok er eit blad, det vera seg eit lauvblad på eit tre, eit knivblad eller eit blad i ei bok, per definisjon svært tynt. Men ei klår fysisk form har det uansett, i motsetnad til ei fil på ein dataskjerm. Etter at det nokså plutsleig vart avgjort at Norsk Bridge frå og med førra nummer skulle gå over i elektronisk form, ei avgjerd fatta av Styret i NBF med mål om å spa pengar, har det naturleg nok vore ein del diskusjon om saka. Det er sikkert ikkje naudsynt å nemne at eg som redaktør i Norsk Bridge er imot denne omlegginga, og eg vonar eg ikkje støyter for mange ved å nytte plassen her i min eigen leiarartikkel til å argumentere for synet mitt.

For å byrja med det mest opplagte: Det typiske argumentet at internett er framtida og alt anna rein arkeologi, held ikkje mål. Bøker i fysisk format sel som aldri før. Tallause organisasjonar av langt mindre omfang enn NBF, trykkjer og distribuerer medlemsblad og har ingen planar om å slutte med det. Det å spela bridge på internett er berre tull samanlikna med å spela mot verkelege menneske, slik det å lesa på internett er ein heilt annan, meir ukonsentrert og vilkårleg aktivitet enn å lesa eit trykt dokument som ein held i hendene. Dette litt luftige

poenget ber i seg ei større sanning som eg alltid har meint er viktig, men for variasjonens skuld kan vi overlata til profilert bloggar Snorre Aalberg å formulere den sanninga. I september skreiv han med store typar om kor bra det er at medlemsbladet har vorte elektronisk, men nokre veker seinare kom innleget “Tar vi vare på historien vår?”, der essensen var fylgjande: “I gamle dager ble det laget bulletiner som tok vare på resultater, bilder, historier og spill fra arrangementer i NBF sin regi. [...] Jeg håper det finnes lager med papirutskrifter som kan dokumentere vår historie. [...] Den digitale verden gir oss i prinsippet alle muligheter til å sikre at det som skjer under mesterskap blir lagret for evigheten, men jeg har en mistanke om at bevisstheten rundt dette ikke er så bra som den skulle vært.” Det Aalberg gjer her, anten han vil det eller ikkje, er nettopp å fremje eit av dei viktigaste argumenta for det trykte ordet framfor det digitale. Sjølvsgåt kunne nokon med mykje tid og stor interesse oppretta ein robust database med brukbar tryggleik. Men i praksis skjer noko heilt anna: Tekniske vanskar oppstår. Heimesider blir omstrukturerte eller bytte ut med nye heimesider. Aller siste nytt har alltid klår forrang, medan gårdsdagens nyhende druknar i informasjonsflaumen, og snart er vanskelege eller heilt umoglege å finne attende til. I trykte dokument, derimot, er bridgen sikra eit handfast og oversiktleg etterliv.

Tillat meg òg å oppmode til ein viss skepsis kva gjeld dei sifra ein bruker som argument for å gjera bladet digitalt. Her er det mykje lettvint matematikk ute og går. For det

fyrste – og dette skulle ein tru var opplagt – må ein sjølvsagt ta med i reknestykket det faktum at eit trykt medlemsblad jo i ei årrekke har vore del av det tilbodet medlemene betalar sin kontingent for. Viss ein til dømes sel eit par skor til ein gjeven pris, kan ein ikkje levere berre den eine skoa, og orsake seg med at den andre ikkje fekk plass i skoeshka. Eg er vel vitande om at mange NBF-medlemer gjev blanke i heile medlemsbladet, men mange andre set utvilsamt pris på det – spesielt dei mindre durkdrivne spelarane som ikkje abonnerer på bladet Bridge i Norge. Enn vidare må ein rekne med inntektene som bladet genererer i form av annonsar. Her har det vore mykje slett arbeid tidlegare, men etter at Knut Brinchmann vart generalsekretær har vi sett stor framgang, samstundes som potensialet enno er stort: Det finst utvilsamt fleire aktørar enn dei vi allereie samarbeider med, som kan ynske å annonsera i eit blad med opplag på kringom 10.000. Om dei vil betala like godt for annonsar i eit digitalt nyhetsbrev, er ei ganske anna sak.

For ikkje å gjera meg til uvens med altfor mange samstundes, får eg spa Andre rammende argument til seinare. Avslutningsvis kan eg berre seia at eg vonar NBF sentralt har ein god plan for den vidare utviklinga til dette såkalla bladet. Slik det no føreligg, er det diverse vanskeleg å sjå at det har nokre nemneverdige fortrinn framfor anna daglegdags bridgeformidling på internett, der oppdateringane er hyppige og minnet kort. Eg ventar i spenning.

*Erlend Skjetne,  
redaktør*



Åpent EM i Tromsø nærmer seg med stormskritt, og prosjektet går nå inn i en ny fase.

Så langt har markedsføring og finansiering hatt hovedfokus. Nå kommer gjennomføring og økonomikontroll til å være

sentrale saker, men aller viktigst er det at så mange som mulig kommer til Tromsø og bidrar til en stor og vellykket bridgefest for oss alle.

For medlemmer av NBF vil opplegget i Tromsø ikke "bare" være et europeisk mesterskap, men også innbefatte kamp om norgesmestertitler i alle de vanlige klassene. Dette blir omrent på samme måte som vi har brukt å gjøre det under Norsk Bridgefestival, og hele spilleprogrammet

er "modernisert" og ligner nå mer på opplegget under Bridgefestivalen enn under tidligere åpne EM.

Nettsidene til Åpent EM – [www.tromso2015.no](http://www.tromso2015.no) – er nå klare til å ta i mot påmeldinger, og det er ingenting å vente med, for de som melder seg på tidlig får en early bird-rabatt. Billigere flyreiser blir det også for de som er tidlig ute – så meld dere på!

*Jostein Sørvoll,  
president*

### Informasjon fra NBF



## Oppdatér!

**Det er en stor fordel både for NBF og en selv at de personlige dataene man står registrert med i NBF sin medlemsdatabase, er fullstendige og oppdaterte. Vi oppfordrer alle til å logge seg inn på sin medlemsside og sørge for at alle felter blir korrekt utfylt.**

**På forhånd takk!**



Av Erlend Skjetne

# Fåe overraskinger i Letohallen

**Fyrste halvdel av spelinga i dei to øvste divisjonane i Seriemeisterskapen, gjekk som vanleg av stabelen i Letohallen tidleg i november. I grunnen baud ikkje denne helga på store overraskingar i nokre av puljene.**

I fyrstedivisjon har Møre og Romsdal-laget Lie teke ei leiing på dryge 10 VP. Landslagsparet Terje Lie – Nils Kåre Kvagraven toppa butleren i fyrstedivisjon denne helga. Dei har med seg Bjørn Olav Ekren – Ole Berset og Asbjørn Kindsbekken – Roar Voll på eit lag som har spela i eliteserien i mange år, riktig nok utan betre plassering enn sylv. Kan det bli gull no? På andreplass fylgjer fjorårsvinnarane frå Rogaland, lag Hauge, som riktig nok var utan Geir Helgemo denne fyrste helga, og på tridje Hordaland-laget Charl森, der landslagsveteranane Thomas Charl森 – Thor Erik Hoftaniska no samarbeider med det unge og lovande paret Erik Berg – Steffen Fredrik Simonsen. Det er jamt eit godt stykke nedover på lista,

iallfall til og med åttandepllassen. Hordaland-laget Høyland på niandepllass er i risikosona, men det er i augneblinken lag Hansen og Aalberg frå Vest-Agder, og serleg lag Skoglund frå Østerdal, som ligg farleg tynt an.

I andredivisjon avdeling A har Østfold og Follo-laget Thoresen, som rykka ned frå fyrstedivisjon i fjor, fått ein oppskriftsmessig start. Dei leier komfortabelt i det som nok er den veikaste av dei tri andredivisjonspuljene, og eg er blir svært overraska om noko anna lag greier å vinne denne pulja. I pulje B er det jamnare på alle vis, men lag Holmbakken frå Hedmark og Oppland leier, og er sikkert ivrige på opprykk etter å ha vore nære på




Svein Jarle Ludvigsen, Kristian Stensgård og Ronny Korsmo var mellom dei flittige arbeidarane som stod for nok ei vellykka helg i Letohallen



Per Nordland, som vanleg full kontroll som tevlingsleiarar

fleire gonger. Oslo-laget Lillevik, som rykka ned frå fyrstedivisjon sist sesong, har noko svekt mannskap i år, og ligg ikkje godt an i opprykkskampen etter fyrste helg. I pulje C er det tri lag som har utmerkt seg, det unge lag Bartnes frå Gudbrandsdal, alltid sterke Smith frå Buskerud, og mange tidlegare fyrstedivisjonsspelarar forsamla på lag Davidsen frå Nord-Trøndelag. Eg spår ein hard batalje andre helg mellom desse tri.

Underteikna var diverre utan makker denne fyrste spelehelga, og eg ville ikkje torturere meg sjølv ved å dra ned til svartaste Austlandet berre for å bakspela Seriemeisterskapen. Men etter som namnet mitt trass alt figurerer på resultatlista, måtte eg for skams skuld sitja litt framfor datamaskinen og sjå kva i himmelens namn og rike lagkameratane mine ville finne på. Etter at dei gjekk på eit klårt tap i fyrste kamp, byrja eg allereie gruve meg til spelehelga i februar, til fåfengde forsøk på å berge ei kantra skute. Heldigvis tok dei seg saman etter kvart, og det er enno von om å unngå nedrykk.



Nokre nye meistrar fekk nålene sine i Letohallen denne helga. Åse Langeland og Karl Morten Lunna er nye stormeistrar, Kurt-Ove Thomassen og Øyvind Ludvigsen stormeistrar med stjerne

BBO-filene frå helga var i grunnen forbausande interessant lesing. Ikkje slik å forstå at det akkurat var flust med stjernespel, som venta observerte eg mange feil, som garantert ville vore endå fleire om eg sjølv hadde spela. Men det som slo meg der eg sat og inspiserte det heile på fleire hundre milers fråstand, var kor utruleg mange døme ein ser på fundamentalt ulike vurderingar på dei to borda i ein lagkamp. Då snakkar eg ikkje om systemskilnader, som ein alltid vil ha mellom ulike par. Eg snakkar heller ikkje om avgjerder eit stykke ut i spelet, der informasjonsmengda er stor og det er ganske naturleg at spraket i konklusjonar òg kan bli stort. Nei, det dreier seg om ganske basale ting, enkle avgjerder i fyrste melderunde, slikt som ein skulle tru at det kunne herske ein viss konsensus om mellom det engere krinsen av norske elitespelarar. Det blir openbert kvifor bridgen ikkje er ein eksakt vitskap: Utslaga av desse avgjerdene blir ofte svært store, men det verkar ofte tilfeldig kva side som står att med fortanesta.


I den nemnde fyrstekampen var laget frå Midt-Trøndelag som eg sjølv tilhører, å sjå på BBO. Det stod lenge lag Livgård på nettet, men no har dei heldigvis fått endra det til lag Grøtheim, det einaste akseptable. Motstandarar var lag Kopstad, fleire gonger seriemeistrar, riktig nok med eit litt anna mannskap enn før. Allereie det tridje spelet synte ein skilnad i meldestrategi mellom min lagkamerat Allan Livgård og Vestfolds kaptein Ole Kristoffer Kopstad.

♠1086

♥K

♦AJ87

♣109432



♠A9542

♥J86

♦Q1096

♣Q5

♠K3

♥Q975

♦K5432

♣J6

♠AQJ7

♥A10432

♦-

♣AK87

♠Q109542

♥4

♦J965

♣A7

♠86

♥J96

♦Q10432

♣J93



♠AKJ73

♥A5

♦K6

♣10862

♠-

♥KQ108732

♦A8

♣KQ54

Sjølvsgart opna dei båe i 1 hjarter i sør, og fekk 1 grand frå makker. No har ein for så vidt mange



Tor Eivind Grude, regjerande juniorverdsmeister, har teke steget opp i fyrstedi divisjon. Der blir han nok verande länge

moglege meldingar, men dei to heltane våre valde vel dei mest aktuelle alternativa: Livgård sa stille og forsiktig 2 kløver, som det svært sjeldan går pass rundt på, og skulle det gjera det er det tvilsamt om ein har mist stort. Terje Aa støtta til 3 kløver, og Livgård kunne no splintra i ruter. Men framleis kan 3 grand vera beste kontrakt, så Livgård sa 3 spar for å vise hald der. Då Aa melde 3 grand og syntet at han hadde ruterhald, landa Livgård på ein tung pass. Det var nok eit argument at Aa ikkje hadde vist ein god lyft i kløver, som han kunne gjort ved å melde 2 spar over 2 kløver – det kan jo ikkje vera naturleg når 1 grand utelukka firekorts spar. Kanskje burde Aa synt denne gode lyften, med hjarter konge, ruter ess og fem kløver? På det andre bordet sa Ole Kristoffer Kopstad 2 grand, utgangskrav, over makkers 1 grand. No fekk han høre at makker Tor Eivind Grude hadde fem kløver, ein stor skilnad frå dei fire som Livgård visste om, så då splintra han 4 ruter. Då Grude tok med seg 4 hjarter bar det kjapt i veg til den glimrande kløverslemmen, som aktuelt stod med eit overstikk.

Kort etterpå gjekk eit spel i Midt-Trøndelags favør. Det har vore skrive ein smuleg hånleg om det på internett, men eg er sikker på at det kunne ramma fleire, då det syner fram eit slags hol i naturleg system.




*Odin Svendsen kom ikkje høgt nok*

For så vidt såg vi ein viss stilskilnad her òg, når det på båe bord gjekk 1 hjarter i sør, pass og 1 spar i nord: Medan Ole Kristoffer Kopstad melde inn 1 grand i aust, sa Allan Livgård pass. For Ulf Tundal var det ikkje anna å gjera enn å hoppe til 4 hjarter på den spelesterke handa, slemsjansane er småe når aust har vist ein 15-17-grand. Kontrakten var utapeleg. Men Odin Svendsen melde berre 3 hjarter over Livgårdens pass, og då det gjekk pass rundt. Var han liksom ikkje sterkt nok til utgang? Jo, det visste han nok at han var. Men kva er skilnaden på 3 hjarter og 4 hjarter her? Med til dømes ein 18-poengar med ein god sekskorts hjarter og elles ei jamm hand, melder ein jo òg 3 hjarter, ikkje 4. Hopp til utgang høyrest ut som ei hand som var litt for god til å opna 4 hjarter, men det er langt frå slik at ein har ti stikk på eiga hand. 4 hjarter er jo også ei frykteleg melding med tanke på å utforske eventuelle slemsjansar. Eg har høyrd ekspertar innrømme fylgjande sjølvmotseiing, utan å presentere noko som liknar ei løysing på paradokset: "3 hjarter er sterkeare enn 4 hjarter, men 3 hjarter er ikkje krav!" Konsekvensen blir spel som det vi nettopp såg.

Vi hoppar fram til tridje kamp, der Midt-Trøndelag Våge knuste Østerdal Skoglund. Eg fryktar at trønderane kjem til å angre, for det har lenge vore tradisjon for dei å ligge langt nede i sumpa etter fyrste helg, men storspela andre helg og nesten få medalje. No når dei har forkludra alt og ligg greitt an etter fyrste helg, kan det veldig fort ende med nedrykk. Men der og då var dei neppe misnøgde med spel som det fylgjande.

♠K1073  
♥Q53  
♦3  
♣A9873

♠2  
♥AJ  
♦AJ98752  
♣J105



♠J854  
♥86  
♦Q106  
♣KQ42

♠AQ96  
♥K109742  
♦K4  
♣6

Her gjekk det på båe bord 1 hjarter i sør og 2 ruter inn i vest. Kva melder du i nord no? Ein har støtte til makkers femkortsfarge i hjarter, men til regel er det betre å spela på 4-4-tilpassing i spar, om ein òg skulle ha dét. Eit spørsmål er jo òg korleis ein skal støtte hjarteren, om ein no fell ned på å gjera det: Blir det berre ein enkel lyft, eller ein liten invit? Espen Larsen for Østerdal valde å doble negativt og sjå dette litt an. Då gjekk det 3 ruter i aust, før Stian André Evenstad sjølvsagt sa 4 spar. Sjølv med ruter ess ut kunne den kontrakten faktisk ikkje vinnast då sparen sat som han gjorde, for då vest skifte kløver vart sors hand trumfmatta. På det andre bordet sa Kåre Osvald Bogø for Midt-Trøndelag 3 ruter over 2 ruter, som syner ein god lyft i hjarter. No var sparen ute av biletet, og Bård Kåre Græsli hoppa sjølvsagt til 4 hjarter. Det var ein urikkeleg kontrakt.

I eit seinare spel frå den same kampen, vart opningmeldinga i praksis utslagsgjenvende. Men aust burde kanskje redda seg unna eit dårlig resultat?




*Bård Kåre Græsli fekk spela på ni hjarter heller enn åtte spar, ein stor fordel*

♠K862

♥K

♦J92

♣K10975

 ♠Q1095  
 ♥732  
 ♦10764  
 ♣A4

 ♠74  
 ♥Q98654  
 ♦AQ85  
 ♣Q

 ♠AJ3  
 ♥AJ10  
 ♦K3  
 ♣J8632

Kva ville du opna med i sør? Det normale har alltid vore 1 kløver. Men i våre ulvetider er det populært å oppvurdere gode 14-poengarar til ein 15-17-grand, og spørsmålet blir då om denne er god nok eller ikkje. Bør ein ikkje iallfall ha ein god femkortsfarge på lur? Vel, John Våge er ein spelar som har reflektert mykje over emne som dette, og å opna 1 grand som han gjorde er alt anna enn tullebridge. Kløveren er riktig nok elendig, men fem er betre enn fire, og han har svært fine oppspelsverdiar i sidefargane. Kombinasjonen av knekten og tiaren i hjarter er òg eit aktivum. Over 1 grand melde Petter Eide Stayman, og ein kan vel ikkje klandre Stian André Evenstad i aust for ikkje å melde inn på den tynne hjarterfargen. Men no gjekk det 2 ruter frå Våge og 3 grand fra Eide, og Espen Larsen spela naturleg nok spar ti ut. Knekten vann fyrste stikk, før Våge spela ein kløver til tiaren. Det vart feil no, men er med oddsen. Dimed var det enno ikkje for seint for forsvaret, men Evenstad måtte finne det riktige skiftet. Det er eit problem som krev ein del teljing. I utgangspunktet ser det skummelt ut å skifte ruter, for viss spillefører har noko slikt som kongen tridje, får han servert eit stikk der. Men spørsmålet er om det overhovudet finst nokon annan beitevariant enn at sør har akkurat kongen dobbel i ruter. Ein kan jo formode ut frå sørars val av kløverhandsaming at vest har esset i sorten. Han kan ha hjarter knekt, som i så fall vil vera tridje eller fjerde, og då verkar det riktig å skifte hjarter, etter som sør tilsynelatande må innom både kløver ess og ruter ess. Men faktum er jo at skulle vest ha hjarter knekt, må sør naudsynlegvis ha spar dame for å koma til ei grandopning, og då står kontrakten uansett med sju svarte stikk og ess, konge i hjarter. Aktuelt vart det snudd hjerter, men eg trur nok



John Våge  
kan sine  
oppvurderingar

at ruterskift var beste beitesjanse. På det andre bordet opna Jan Einar Sætre i 1 kløver, Steingrim Ovesen svara 1 hjarter som syntे spar, aust melde inn 2 hjarter og Sætre støttedobla. Ovesen melde 3 kløver og det gjekk pass rundt. Det vart eit overstikk, men det var ei mager trøyst.

I fjerde kamp, der Midt-Trøndelag Hornslien møtte det nyopprykka Haugaland-laget Lutro, kom eit spel der ei einskild melding igjen var avgjerande tyding. Men jamvel om ein hamnar i feil kontrakt, har ein inga orsaking for ikkje å spela godt i denne kontrakten.

 ♠AKQ76  
 ♥Q9  
 ♦J10  
 ♣AK95

 ♠92  
 ♥AKJ10832  
 ♦2  
 ♣1072

 ♠10853  
 ♥74  
 ♦K954  
 ♣J64

 ♠J4  
 ♥65  
 ♦AQ8763  
 ♣Q83

Kva opnar du med i vest? I litt eldre dagar ville dette spørsmålet vore for enkelt å svara på: Handa er ein klassisk 3 hjarter, sperr med sjukorts. Men i moderne bridge er den rådande filosofien at sperremeldingar i gunstig sone kan vera svært veike, og då er denne handa altfor god. Midt-Trøndelags Per Erik Austberg opna i 4 hjarter, som eg mistenkjer var populært rundt om i salen. No melde Haugalands Jens Erik Nybø Hansen ganske enkelt inn 4 spar, som stod med eit overstikk. Trond Are Nitter på det andre bordet har sannsynlegvis avtala ein meir konservativ stil med sin makker, for han opna i 3 hjarter. No vart det eit sakleg alternativ for Olav Arve Høyem i nord å doble.

Jan Kristen Lutro, kaptein på nyopprykk Haugaland, har gjort det bra i fyrstedivisjon så langt



Jan Kristen Lutro i aust lyfte til 4 hjerter, og Aksel Hornslien følte han måtte gjera noko, så han dobla. Men når Høyem no sa 4 spar, visste ikkje Hornslien kva handtype det innebar, om det faktisk var ein sterk variant eller berre ei naudmelding. Så han plukka ut i 5 ruter, ein därlegare kontrakt, som han litt skuffande gjekk beit i. Med ess, konge i hjerter ut og skift til kløver, korleis planlegg du spelet i 5 ruter? Du reknar med at ruter konge sit i kapp, og sit han dobbel eller tridje er alt is og brus. Det interessante er om aust har fire ruter. Du må då organisere ein trumfreduksjon, der du blir like kort som aust i ruter og i sluttposisjonen får fanga hans to ruter i di saks. Då må du få stole to svarte kort, så du treng inntaka på bordet. Riktig spel er å sleppe kløveren til dama og spela spar til esset. Deretter ruter knekt og ruter ti. Sei at aust dekkjer den siste, du er no inne på handa og spelar ny spar som du stikk i bordet. Deretter ein spar til steling og ein kløver til bordet, før ein ny spar fylgjer til steling, og endeleg ein siste kløver til bordet. Aust har niaren dobbel i ruter att, framfor ess, åtte på di hand, og han er ferdig. Dersom ein går opp med kløverhonnør i bordet i andre stikk, går ein beit. Merk at speleføringa også fungerer dersom aust byrja med motsett fordeling i dei svarte fargane, medan kontrakten uansett alltid er beit dersom aust byrja med berre seks svarte kort, altså viss vest opna 3 hjerter på sekskorts. Då rekk ein ikkje entre bordet mange nok gonger før aust får kasta seg fri og stole med ein liten trumf.

Lag Hornslien fekk seg endå ein nasestyvar i fylgjande spel, der ein må sei dei var svært uheldige:

♠Q10976

♥Q852

♦9


♣Q63

♠J842

♥ -

♦J32

♣AK9874



♠AK

♥AKJ

♦AK8765

♣105

♠53

♥1097643

♦Q104


♣J2

♠Q8643

♥9

♦K104

♣AKQ4



♠AJ1097

♥Q108765

♦9

♣J

Når sør opnar i ein sterk 2 kløver, kva gjer du i vest? Eg trur dei aller fleste i eliteserien ville kome opp med ei sabotasjemelding her. 3 kløver verkar normalt, men Jan Tore Berg hadde til rådighet 2 ruter, som sannsynlegvis var såkalla Yeslek, det viser fargen over eller dei to neste, i dette tilfelle hjerter eller kløver og spar. Lutro i nord sa uansett 2 spar, Austberg passa, Nitter melde 3 ruter, og då Lutro sa 3 grand gjekk det pass rundt. Med kløver knekt ut til dama stod kontrakten som eit segl, skal ein tru BBO-fila vart det også nokre overstikke.

På det andre bordet valde Simon Eileraas å passe over Aksel Hornsliens 2 kløver. Då gjekk det 2 ruter i nord, 2 grand i sør, som saktens kan diskuterast, men nok var valet på mange bord. Høyem spurde i Stayman, men Hornslien hadde ingen major og det gjekk pass rundt på 3 grand. Med kløver åtte ut frå vest er det heilt naturleg å leggje liten i bordet, i og med at utspelaren oftare har ess, knekt eller konge, knekt enn ess, konge. Dimed vart det to sonebeiter og ein stor sving til Lutro, som vann kampen komfortabelt.

Femte kamp baud på eit livleg oppgjer mellom Vest-Agder Aalberg og Hordaland Høyland, der det meste gjekk Vest-Agders veg. I dette spelet gjorde Svein-Gunnar Karlberg noko som fåe andre ville gjort, og han vart krona med hell.

♠53

♥AK3

♦76532

♣1063

♠K

♥J42

♦AQJ8

♣98752

På det eine bordet gjekk det pass frå Trond Hantveit i sør og 1 spar frå Ann Karin Fuglestad i vest. Marianne Harding i aust svara forsiktig 1 grand. No lista Hantveit seg innpå med 2 hjarter, og det gjekk to passar til Harding som dobla opp. Fuglestad tok ut i 3 kløver, og eg kan forstå at Sam Inge Høyland ikkje hadde den store trua på noko som helst etter pass i opning hjå makker. Så han sa ikkje 3 hjarter, men pass, og 3 kløver stod med to overstikk. 5 kløver er for så vidt ein brukbar kontrakt, men bør gå beit med to gonger hjarter ut, etter som speleførar må spela spar før han tek ut trumfen – ein hjartertapar ligg jo att i bordet. Sør kjem då inn og spelar hjarter dame, og kløver ti blir fremja til stikk i nord. Men dette var ein digresjon. På det andre bordet i den aktuelle kampen, opna Karlberg i sør med 1 hjarter! Det kan fort bli beiter av slikt om makker har ei sterk hand utan tilpass, og ein kan konstruere ganske mange meldingsforlaup der ein slit med å få vist fram handa skikkeleg, då ho er altfor veik til ein revers i spar. Men aktuelt kom det 1 spar inn frå Magne Eide i vest, og 2 hjerter frå Håkon Bogen i nord. Sven-Olai Høyland dobla responsivt. Karlberg rekna vel med at det måtte stå litt hjå motparten, samstundes som handa hans framleis var noko lunde spelesterk, så han prøvde pose-og-sekk-meldinga 4 hjarter. Eide må ha vore freista til å melde i vissa om ein del minor hjå makker, men han landa på pass og spela to gonger kløver ut til steling. Karlberg hadde ikkje anna å gjera enn å koma i gang med sparen. Han la ned esset og noterte seg kongen hjå Høyland, og spela no ein hjarter til esset. På spar opp derifrå såg ikkje Høyland noko poeng i å trumfe, så knekten gjekk til dama i vest. Ny kløver gjekk til steling, før Karlberg gjorde det han måtte: Liten spar til steling med hjarter konge, hjarter til kutt på tiaren, hjarter dame som tok ut siste trumf i aust, og spar ti og ni stod. Ser du feilen i motspelet? Høyland kunne stole sparen i bordet og spela liten ruter til makker. Ny liten spar derifrå tvingar blindemann til å stela høgt, og no må vest få eit fjerde motspelsstikk for spar dame. Ser du også feilen hjå speleførar? Etter spar ess må han spela ruter! Etter som han openbert hadde planlagt å spela på hjarter knekt tridje i aust, burde han nok faktisk sett denne varianten som bryt kommunikasjonen til forsøket. Aktuelt var det svært vanskeleg for Høyland å finne det beitande motspelet, men har han ikkje sjølv ruter ess kan det



Svein-Gunnar  
Karlberg opna tynt  
og måtte spela  
godt. Men han  
kunne spela endå  
betre

fort vera lettare. Eit stilig spel, der dei mange stilige poenga sjølv sagt gjekk BBO-kommentatorane hus forbi, om dei då i det heile fylgte med på skjermen.

Frå sjette og siste kamp, der Vest-Agder Aalberg kom ned på jorda att mot leiarlaget Møre og Romsdal Lie, må vi nesten ta med eit sjeldsynt spel signert butlerkongane Terje Lie og Nils Kåre Kvangeren. Også her var opningsmeldinga ulik på dei to borda, men andre faktorar spela saktens òg inn.

♠109763

♥K7

♦KJ87

♣Q6

♠K54

♥82

♦109652


♣1095

♠QJ82

♥Q109654

♦-

♣742



♠A

♥AJ3

♦AQ43

♣AKJ83

Kva opnar du på sørers hand? Marianne Harding for Vest-Agder valde 2 kløver, ikkje unaturleg med 23 honnørpoeng. Ann Karin Fuglestad svara 2 spar, og Harding måtte fylge opp ved å vise kløveren. No kom ei melding frå Fuglestad som ikkje får mange poeng i mi bok, 3 grand. Kvifor ikkje syne ruteren når ein har sjansen til det? Det gjekk pass rundt på 3 grand, som saktens stod, det var berre det at 7 grand også stod. På det andre bordet valde Nils Kåre Kvangeren å opna 1 kløver. Den store faren er at det kan gå pass rundt, og ein kan også seinare få visse vanskar med å syne makker kor oversterk ein faktisk er. Men viss makker har til å svara på 1 kløver, får ein ofte betre styring mot slem enn etter

opning 2 kløver, som jo tek bort mykje plass. Terje Lie svara 1 hjarter som syntे spar, og Håkon Bogen slengde inn ei hjartervisande dobbling. Kvangleren reverserte med 2 ruter, og Lie støtta til 3 ruter som var krav. Kvangleren heldt fram med 3 hjarter, og Lie føreslo 3 grand. Kvangleren gjekk på med 4 ruter, og Lie syntе hjarter konge med 4 hjarter. No vil eg tru at 4 spar frå Kvangleren var spørsmål etter ess, for etter svaret 5 kløver i sør hoppa han i alle fall til 7 ruter. Ein kan sjølvsgaet seia at 7 grand kunne vore meldt etter at aust syntе hjarter dame, men det er uhyre vanskeleg, nord kunne jo til dømes hatt hjarter konge singel i staden for dobbel. 7 ruter er ein flott kontrakt som ein skal ha skryt for å melde så kontrollert. Ein har nesten lyst til å krevje heimgangen der omgåande, men det kan jo løne seg å sjekke trumfsitzen først. Sanneleg sat han 5-0 imot! Mange ville nok no mist hovudet og surra det til. Men ein god spelar som Kvangleren såg nok snarare ein sjanse til å vise litt klasse, og gjekk i gang med godt mot: Etter hjarter ut til dama og esset spela han kløver til dama, hjarter konge, kløver til esset, kløver konge og kløver knekt som aust trumfa med niaren. Bordet fekk trumfe over, deretter ein spar til esset og hjarter knekt. Svein-Gunnar Karlberg la i ein liten trumf, men bordet trumfa over igjen, med åttaren, før ruter konge og



**Nils Kåre Kvangleren**  
Kvangleren takla  
5-0-sits fint,  
jamvel i storeslem

spar til steling fylgde. Endeleg kunne ruter dame ta ut den siste trumfen, og kløver åtte var det trettande stikket. I Trondheim brukte vi å spela med to ølkort i stokken, ruter sju som det viktigaste og kløver åtte som eit litt sekundært eit. Her måtte vel det siste stikket vera verd minst ein lettøl til dyktige Kvangleren?

Orsak, eg burde sjølvsgaet aldri skrive det siste der, det var å gå over streken. Denne artikkelen kunne halde fram i det uendelege, med tallause andre døme på ein urovekkjande teoretisk dissens innan det svært smale spekteret av såkalla elitespelarar innan den generelt ganske smale sporten vår. Men det er best å avslutte denne artikkelen før eg lirer av meg noko anna eg kan koma til å angre på. Vi sjåast i februar, og då vonar eg at alle for ein gongs skuld kan melde og spela heilt etter boka.

## Resultat 1. divisjon

Plass	Lag	Poeng	Navn	Krets	Lagsammensetning
<b>1</b>	7	84,44	Lie	Møre og Romsdal 1	Lie - Kvangleren - Eken - Berset - Kindsbekken - Voll
<b>2</b>	5	74,16	Hauge	Rogaland 1	Hauge - Kristoffersen - Sælensminde - Brogeland - Lindqvist
<b>3</b>	9	73,96	Charlsen	Hordaland 1	Charlsen - Hoftaniska - Simonsen - Berg
<b>4</b>	3	73,22	Grøtheim	Midt-Trøndelag 1	Livgård - Aa - Grøtheim - Tundal - Skjetne - Erichsen
<b>5</b>	10	69,21	Kopstad	Vestfold 1	Kopstad - Grude - Svendsen - Tøndel - Rekstad - Johansen
<b>6</b>	1	66,56	Hornslien	Midt-Trøndelag 2	Hornslien - Høyem - Austberg - Berg - Furunes - Mikkelsen
<b>7</b>	4	58,51	Lutro	Haugaland 1	Lutro - Nitter - Hansen - Urheim - Eileraas - Svendsen
<b>8</b>	12	58,02	Våge	Midt-Trøndelag 3	Våge - Eide - Berg - Kippe - Græsli - Bogø
<b>9</b>	6	51,02	Høyland	Hordaland 2	Høyland - Høyland - Høyland - Eide - Bakke - Hantveit
<b>10</b>	8	44,82	JS Hansen	Vest-Agder 1	Hansen - Baumann - Svindahl - Hansen - Brekka - Høiland
<b>11</b>	11	39,44	Aalberg	Vest-Agder 2	Aalberg - Mæsel - Karlberg - Bogen - Harding - Fuglestad
<b>12</b>	2	29,73	Skoglund	Østerdal 1	Skoglund - Skoglund - Sætre - Evenstad - Larsen - Ovesen

## Resultat 2. divisjon, Avd. A

<b>1</b>	<b>1</b>	<b>87,88</b>	Thoresen	Østfold og Follo 1	Thoresen - Ovesen - Anderssen - Marstrander - Heskje - Stabell
<b>2</b>	<b>7</b>	<b>75,96</b>	Hartvigsen	Møre og Romsdal 2	Hartvigsen - Rovde - Remvik - Storsten - Fidjestøl - Johansen
<b>3</b>	<b>11</b>	<b>72,00</b>	K Lund	Helgeland 1	Lund - Brekk - Grude - Grude - Reppen - Reppen
<b>4</b>	<b>9</b>	<b>68,55</b>	Austad	Rogaland 5	Austad - Skarpenes - Brogeland - Svendsen - Skjæræn - Eliassen
<b>5</b>	<b>3</b>	<b>66,29</b>	Nygård	Sogn og Fjordane 3	Nygård - Storøy - Lothe - Gjerde - Ness
<b>6</b>	<b>8</b>	<b>64,62</b>	Vestå	Lofoten og Vest. 1	Vestå - Ellingsen - Bremseth - Harr
<b>7</b>	<b>10</b>	<b>59,23</b>	Berg	Hedmark og Oppl. 2	Berg - Austdal - Morken - Pedersen - Andersen - Andersen
<b>8</b>	<b>2</b>	<b>54,80</b>	Homme	Vest-Agder 3	Homme - Homme - Reinertsen - Hansen - Kolnes - Olsen
<b>9</b>	<b>12</b>	<b>52,23</b>	Kjærnsrød	Vestfold 2	Kjærnsrød - Sundseth - Olsen - Syversen - Munkvold - Buer
<b>10</b>	<b>4</b>	<b>44,54</b>	Herland	Rogaland 2	Herland - Frøyland - Ueland - Johansen - Eliassen - Anfinsen
<b>11</b>	<b>5</b>	<b>44,50</b>	Lauritsen	Hedmark og Oppl. 3	Lauritsen - Haugseth - Vestveit - Borge - Røseng - Røseng
<b>12</b>	<b>6</b>	<b>29,87</b>	RN Hansen	Østfold og Follo 2	Hansen - Rasmussen - Almendingen - Hjerkinn

## Resultat 2. divisjon, Avd. B

<b>1</b>	<b>3</b>	<b>82,89</b>	Holmbakken	Hedmark og Oppl. 1	Holmbakken - Hagen - Ohren - Brentebråten - Fyrun - Andersbakken
<b>2</b>	<b>1</b>	<b>79,38</b>	JA Olsen	Aust-Agder 1	Olsen - Pedersen - Lindqvist - Stornes
<b>3</b>	<b>9</b>	<b>71,73</b>	Skimmeland	Rogaland 3	Skimmeland - Larsen - Bårdsen - Nesdal
<b>4</b>	<b>11</b>	<b>71,05</b>	Vinjevoll	Møre og Romsdal 3	Vinjevoll - Årdal - Sunde - Sivertsvik - Holmøy - Vist
<b>5</b>	<b>7</b>	<b>68,20</b>	Flått	Nord-Trøndelag 2	Flått - Flått - Althe - Storeide
<b>6</b>	<b>5</b>	<b>64,21</b>	Lillevik	Oslo 1	Lillevik - Ludvigsen - Schjelderupsen - Jensen
<b>7</b>	<b>8</b>	<b>57,16</b>	Grime	Romerike 1	Grime - Kristensen - Sundeng - Olsen - Bjerkan - Aaseng
<b>8</b>	<b>10</b>	<b>56,59</b>	Thomassen	Vest-Finnmark 1	Thomassen - Ernstsen - Bull - Andersen - Hætta - Guttormsen
<b>9</b>	<b>2</b>	<b>56,43</b>	Ekren	Møre og Romsdal 5	Ekren - Mikkelsen - Smisetfoss - Strømsvåg - Ovrid - Paulsen
<b>10</b>	<b>4</b>	<b>42,10</b>	Undem	Vest-Agder 4	Undem - Sudland - Skree - Bøe
<b>11</b>	<b>12</b>	<b>38,90</b>	Meling	Hordaland 3	Meling - Beyer - Glærum - Seim - Schultz - Pettersen
<b>12</b>	<b>6</b>	<b>24,70</b>	Mælen	Sør-Trøndelag 1	Mælen - Stafne - Børmark - Kjønsvik - Krogh - Bjørkan

## Resultat 2. divisjon, Avd. C

<b>1</b>	<b>4</b>	<b>92,19</b>	Bartnes	Gudbrandsdal 1	Bartnes - Morken - Lunna - Aa - Bakke - Forfot
<b>2</b>	<b>1</b>	<b>89,89</b>	Smith	Buskerud 1	Smith - Evjen - Allard - Aabye - Røren - Saur
<b>3</b>	<b>8</b>	<b>83,73</b>	Davidsen	Nord-Trøndelag 1	Davidsen - Saur - Hegge - Ringseth - Flakstad - Thomassen
<b>4</b>	<b>2</b>	<b>63,52</b>	Åselid	Salten 1	Åselid - Hansen - Farstad - Andresen - Larsen - Lyngen
<b>5</b>	<b>9</b>	<b>62,12</b>	Jørgenrud	Oslo 2	Jørgenrud - Jørstad - Kaspersen - Langøy - Pedersen
<b>6</b>	<b>11</b>	<b>57,93</b>	Veseth	Øst-Finnmark 1	Veseth - Jensen - Jensen - Leinan - Bull - Anthonsen
<b>7</b>	<b>10</b>	<b>57,55</b>	Fodstad	Oslo 3	Fodstad - Hagen - Aarebrot - Sæterdal - Halderaker - Svendsen
<b>8</b>	<b>7</b>	<b>56,98</b>	Jørstad	Telemark 1	Jørstad - Jørstad - Øberg - Hogstad - Bergheim - Frydenberg
<b>9</b>	<b>12</b>	<b>51,05</b>	Johansen	Salten 2	Johansen - Johansen - Karlsen - Jakobsen - Øvervatn
<b>10</b>	<b>3</b>	<b>44,20</b>	Reve	Rogaland 4	Reve - Reve - Solheim - Anfinsen - Langeland - Breivik
<b>11</b>	<b>5</b>	<b>37,80</b>	Norgren	Aust-Agder 2	Norgren - Birkeland - Norgren - Engenes
<b>12</b>	<b>6</b>	<b>25,56</b>	Kristiansen	Troms og Ofoten 1	Kristiansen - Risnes - Risnes - Gosvig

**Avdeling A**

Plass	poeng	Navn
1	80,62	Troms og Ofoten 3 Jensaas - Ingebrigtsen - Larsen - Øverli
2	71,22	Troms og Ofoten 2 Olsen - Reinholdtsen - Olsen - Falsen - Stokkvik
3	63,57	Vest-Finnmark 2 Berglund - Karlstad - Fredriksen - Svanholm - Karlstad - Antonsen
4	56,33	Øst-Finnmark 2
5	52,74	Troms og Ofoten 4
6	49,88	Troms og Ofoten 7
7	49,42	Vest-Finnmark 3
8	38,19	Troms og Ofoten 6
9	27,49	Troms og Ofoten 9
10	10,54	Troms og Ofoten 10

**Avdeling B**

Plass	poeng	Navn
1	63,28	Lofoten og Vesterålen 5 Jakobsen - Danielsen - Statle - Kristiansen
2	52,08	Helgeland 4 Stanghelle - Harding - Birkelund - Jakobsen
3	46,95	Lofoten og Vesterålen 4 Andreasen - Klausen - Andreassen - Forsaa
4	43,98	Troms og Ofoten 8
5	43,57	Salten 3
6	40,86	Lofoten og Vesterålen 3
7	35,93	Troms og Ofoten 5
8	31,89	Salten 4
9	25,51	Lofoten og Vesterålen 6
10	15,95	Lofoten og Vesterålen 2

**Avdeling C**

Plass	poeng	Navn
1	66,86	Helgeland 2 Selfors - Småli - Bogen - Bogen - Eriksen - Riksvold
2	64,73	Helgeland 8 Karlsen - Hagen - Aanonli - Handå - Holand - Bogen
3	61,34	Helgeland 9 Bonsaksen - Rydland - Kristiansen - Fagerdal
4	60,75	Helgeland 7
5	54,20	Nord-Trøndelag 4
6	50,72	Helgeland 10
7	46,88	Helgeland 6
8	41,98	Helgeland 5
9	31,49	Helgeland 11
10	21,05	Helgeland 3

**Avdeling D**

Plass	poeng	Navn
1	83,45	Midt-Trøndelag 5 Nilssen - Tøsse - Fiplingdal - Paulsen - Lund
2	61,49	Midt-Trøndelag 9 Nordland - Helmersen - Tilset - Skagestad - Olsen - Strand
3	60,16	Nord-Trøndelag 4 Nitter - Olsen - Kvaran - Kvaran
4	57,83	Nord-Trøndelag 5
5	48,35	Midt-Trøndelag 8
6	44,39	Nord-Trøndelag 6
7	41,44	Midt-Trøndelag 7
8	39,78	Midt-Trøndelag 4
9	39,38	Nord-Trøndelag 7
10	23,73	Midt-Trøndelag 6

**Avdeling E**

Plass	poeng	Navn
1	70,64	Sør-Trøndelag 2 Bårseth Bårseth - Langen - Helgemo - Bjerkset
2	65,31	Sør-Trøndelag 3 Hoff Hoff - Laingen - Gåsø - Haavik - Græsli
3	64,21	Midt-Trøndelag 11 Løvik Løvik - Bjørkås - Eggen - Waagan
4	59,01	Møre & Romsdal 7 Stene
5	55,89	Sør-Trøndelag 4 Barikmo
6	44,61	Sør-Trøndelag 5 Aunan
7	41,24	Østerdal 3 Sandkjernan
8	40,15	Møre & Romsdal 8 Lange
9	37,35	Midt-Trøndelag 10 Noreng
10	21,59	Møre & Romsdal 5 Bremnes

**Avdeling F**

Plass	poeng	Navn
1	75,60	Hordaland 6 Bugge - Røynstrand - Vaardal - Gustavsen - Midttveit
2	65,27	Sogn og Fjordane 3 Fredheim - Fardal - Kalhagen - Røneid
3	59,02	Sogn og Fjordane 2 Henden - Henden - Henden - Loftesnes - Reksten - Henden
4	58,50	Sogn og Fjordane 5
5	46,52	Sogn og Fjordane 4
6	44,43	Sogn og Fjordane 6
7	41,69	Sogn og Fjordane 7
8	40,57	Hordaland 4
9	35,38	Hordaland 5
10	33,02	Hordaland 7

## Avdeling G

### Plass poeng Navn

1	63,83	Rogaland 8
		Lauvsnes - Knutsen - Bjelland - Magne
2	58,80	Rogaland 6
		Bang - Fjælberg - Tørkli - Hanson - Muri - Olsen
3	56,25	Rogaland 7
		Strøm - Evertsen - Evertsen - Kaland
4	54,22	Haugaland 2
5	52,33	Haugaland 5
6	51,81	Rogaland 10
7	50,04	Haugaland 3
8	46,72	Hordaland 8
9	43,76	Hordaland 9
10	22,24	Haugaland 4

## Avdeling H

1	79,55	Rogaland 9
		Pedersen - Stokkeland - Andreassen - Kvassheim
2	62,84	Aust-Agder 3
		Frøge - Thorsen - Eek-Jensen - Westin - Homme - Lindaas
3	61,76	Vest-Agder 6
		Jørgensen - Drivdal - Leirkjær - Nilsen - Drivdal
4	56,52	Telemark 3
5	53,88	Telemark 4
6	51,70	Aust-Agder 4
7	40,41	Vest-Agder 5
8	39,78	Telemark 2
9	29,75	Vest-Agder 7
10	23,81	Aust-Agder 5

## Avdeling I

Plass	poeng	Navn
1	84,68	Buskerud 4
		Holm - Melby - Melby - Nordseth - Eriksen
2	63,88	Vestfold 4
		Andersen - Syvertsen - Haugland - Raanes - Gunderson
3	59,39	Buskerud 3
		Follestad - Olafsen - Amundsen - Førde - Granheim - Størkersen
4	59,19	Buskerud 7
5	53,26	Buskerud 5
6	52,37	Buskerud 6
7	45,91	Buskerud 8
8	29,21	Vestfold 3
9	28,02	Buskerud 2
10	24,09	Vestfold 5

## Avdeling J

### Plass poeng Navn

1	75,71	Gudbrandsdal 3
		Hosarøygard - Båtstad - Johnstuen - Svalstad
2	68,09	Hedmark og Oppland 7
		Hansen - Amundsen - Napstad - Brateng
3	60,61	Hedmark og Oppland 5
		Hagaseth - Haslene - Månum - Tofsrud - Haslene
4	50,32	Hedmark og Oppland 6
5	48,91	Hedmark og Oppland 9
6	47,60	Gudbrandsdal 2
7	45,42	Romerike 4
8	36,31	Østerdal 2
9	33,53	Gudbrandsdal 4
10	33,50	Hedmark og Oppland 8

## Avdeling K

### Plass poeng Navn

1	71,54	Oslo 5
		Mangset - Jordestedt - Hiorth - Nodeland
2	67,34	Østfold og Follo 4
		Pettersen - Fjæstad - Pettersen - Helgesen - Gjøs
3	61,55	Oslo 6
		Anjer - Solem - Martinussen - Paulsen - Rasch - Nyborg - Blågestad
4	53,44	Østfold og Follo 5
5	53,19	Oslo 12
6	51,81	Romerike 2
7	49,86	Østfold og Follo 6
8	35,97	Østfold og Follo 3
9	29,86	Romerike 5
10	25,44	Østfold og Follo 7

## Avdeling L

### Plass poeng Navn

1	80,66	Oslo 9 - Monrad
		Wiborg - Brandvold - Monrad - Hauksson - Markussen - Høyland
2	56,51	Oslo 8 - Rønbeck
		Berger - Straumsnes - Rønbeck - Gunderson - Wikstrand - Skaar
3	54,57	Hedmark og Oppland 4 - Eide
		Eide - Ellingsen - Eide - Eide
4	52,40	Oslo 10 - Uran
5	51,76	Oslo 13 - Mundal
6	51,62	Oslo 4 - Wilt
7	48,15	Møre og Romsdal 6 - Haram
8	37,84	Oslo 11 - Ellestad
9	37,14	Romerike 3 - Langbråten
10	29,35	Oslo 7 - Holmøy

#### 4. divisjon Troms og Ofoten

1	74,37	Mix-klubben 3
		Lindquist - Pettersen - Solum - Solum
2	71,46	Ringvassøy BK
3	61,79	Sørreisa BK
4	50,90	Mix-klubben 4
5	47,96	Mix-klubben 1
6	47,23	BK-1933
7	40,09	Tromsøstud
8	36,55	Mix-klubben 5
9	32,30	Mix-klubben 2

#### 4.divisjon Lofoten & Vesterålen

1	74,12	Andenes 2 Wold
		Wold - Hansson - Bråten - Pedersen
2	68,58	Andenes 1 Johansen
3	59,36	Myre 2 Åsen
4	53,63	Sortland 2 Kvalmo
5	51,44	Ramberg og Reine 1 Arntzen
6	45,89	Sortland 5 Nyseth
7	44,41	Sortland 4 Andreassen
8	42,90	Myre 1 Jakobsen
9	34,51	Sortland 1 Ditlefsen
10	25,16	Sortland 3 Ovesen

#### 4. divisjon Salten

1	60,32	Fireball Oilers
		Böckmann-Wilson - Ree - Hole - Kvarsvik - Karlsen - Olsen
2	58,92	5 Gamle menn
3	48,91	Leif og gutta
4	39,84	Sølvi og guttene
5	34,34	Hafnor
6	24,80	Rognan Gutan
7	23,83	Fauske Bridgeklubb

#### 4. divisjon Søvik

1	67,64	Søvik Bk 1 Tuven
2	69,11	Søvik Bk 2 Norum
3	37,95	Søvik Bk 3 Åsen
4	49,46	Mosjøen Bk Søttar
5	41,50	Nesna Bk 1 Løkkås
6	34,34	Nesna Bk 2 Kleivkås

#### 4. divisjon Sømna

1	80,11	BR.SUND Sverdrup
		Sverdrup - Nøstvik - Løvdahl - Løvdahl
2	71,53	BR.SUND Hestø
3	56,37	VEGA, Schjølberg
4	55,44	SØMNA, Graven
5	35,65	Sømna, Berg
6	0,90	MIX, Hansen M

#### 4. divisjon Nord-Trøndelag

1	68,07	Steinkjer 1
		Dahlen - Saur - Ukkelberg - Stene
2	62,81	Åsen/Frosta 1
3	56,93	Klubbmix
4	56,07	Grong 1
5	54,42	Inderøy
6	49,12	Åsen/Frosta 3
7	47,05	Namsos
8	42,44	Åsen/Frosta 2
9	34,52	Malm
10	28,57	MESS

#### 4. divisjon Midt-Trøndelag

1	55,23	Forcingklubben Kvello
		Kvello - Henriksen - Mørk - Voie - Lykke - Ramberg
2	47,86	BK Munken Heide
3	44,56	BK Ruterknekt 1 Faber
4	41,10	Studentenes BK Helde
5	39,69	Nettbuss Midt-Norge BK Riise
6	35,14	Heimdal BK Hjellemarken
7	34,98	TABK/TBK
8	21,44	BK Ruterknekt 2 Strand

#### 4. divisjon Sør-Trøndelag

1	62,30	Singsås
		Engesmo - Engen - Foros - Enlid - Tamlag - Basmo - Brudal
2	61,22	Team KOG
3	54,36	Melhus
4	44,00	Orkdal 2
5	40,50	Soknatun
6	37,62	Orkdal 1

#### 4. divisjon Førde

1	84,57	Førde Hoff
		Hoff - Kvamsdal - Vasset - Hjelmeland - Hoff
2	58,62	Førde Løseth
3	54,53	Vikane/Stryn
4	49,97	Høyanger
5	47,21	Førde Myren
6	35,44	Førde Wie
7	29,66	Davik/Eid

